



Styringsgruppa for Kystpilegrimsleia

v/Eva Moberg

Dato: 02.05.2018

Vår ref: 17/02456-20

Dykkar ref:

**Kystpilegrimsleia - notat om planane for 950-års markering av
Bjørgvin bispedøme på Selja 8. juli 2018**

Tekst

BJØRGVIN BISPESETE 950 år - Markering på Selja 8. juli. 2018

Omlag 1068 e. Kr. oppretta Olav Kyrre eit vestnorsk bispesete på øya Selja i Selje kommune. Førsteamanuensis Alf Tore Hommedal ved Universitetsmuseet i Bergen har gjeve oss denne forklaringa på bakrunnen for feiringa og val av årstal:

Olav Kyrre oppretta på 1000-talet alle dei tre første bispeseta i Noreg: Eitt vestnorsk (Gulatingsområdet) med bispesete på Selja og eitt trøndsk /nordnorsk (Frostatingsområdet) med bispesete i Nidaros. Litt seinare kom det til eit austnorsk (Borga- og Eidsivatingsområdet) med bispesete i Oslo. Det må ha vore viktig å få knytt helgenane frå Selja til det vestnorske bispedømet, slik St. Olav og St. Hallvard vart knytt til sine respektive bispedøme. Dette må vera hovudgrunnen til at den vestnorske biskopen sitt sete vart lagt til Selja.

Vi veit ikkje nøyaktig når det vestnorske bispedømet vart oppretta, anna enn at det i følgje sagaen skal ha skjedd i kong Olav si styringstid (1067-93). Etter at Harald Hardråde i 1066 fall i England (slaget ved Stamford Bridge) overvintra sonen Olav på Orknøyane før han i 1067 vende heim og vart teken til konge på dei ulike landsdelstinga. Først etter denne prosessen kunne kong Olav ta til med det organisatoriske arbeidet som ei etablering av bispedømer var. Dessutan drog Bjarnhard, som skulle bli den første vestnorske biskopen, på sendeferd til Roma for kong Olav før han overtok bispedømet. Ei slik reise tok også tid. Dermed er 1068 det første av dei tenkjelege grunnleggingsåra, sjølv om alle år fram til 1093 teoretisk sett kan vera like rette. Likevel er det mest sannsynleg at kongen har sett i gang arbeidet relativt tidleg i styringstida si.

Det er nok slik det også vart argumentert for 50 år sidan, då 900-årsjubileet skulle feirast. Då vart bispedøme-jubileet lagt til 1968 for å skilja det frå Bergens 900-årsjubileum feira i 1970, sjølv om grunnleggingsåret for Bergen by er like usikkert som for bispedømet. No ved 950-årsjubilea er det ingen grunn til å endra på tidspunkta, sjølv om ein kan vera merksam på at det som blir feira meir er minnet om prosessen enn sjølve årstalet.

Feiringa no i 2018 vil finne stad i samband med den tradisjonelle Seljumannamessa som vert arrangert kvart år på Seljeøyna den nærmeste søndagen til 8. juli.

Selje kommune og Bjørgvin bispedøme får besøk av H.M Dronning Sonja i samband med markeringa.

Kjernen i feiringa vert Seljumannamessa der songarar frå Bergen Domkor og heile vestlandsregionen deltek. Blant gjestene er Riksantikvaren, miljøvernministeren, biskop Bernt Eidsvig frå den katolske kyrkja og biskopane frå Rogaland, Bjørgvin, Møre og Nidaros.

Det vil bli ei markering av at Kystpilegrimsleia er opna.

Det blir lagt ut billettar på Ticketmaster i løpet av mai, der ein for ca 500 kr får med seg båttransport, vandring på Selja, festgudsteneste og kaffimat.

Med helsing

Ragna Sofie Grung Moe
kulturrådgjevar

Jens Z. Meyer
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjend og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Styringsgruppa for Kystpilegrimsleia, v/Eva
Moberg